

Flora kommune

v/rådmann
Strandgata 30
6900 Florø

Mottatt HV RHF**19 MAI 2003****Helse Vest RHF**

v/adm. direktør
Postboks 303 Forus
4066 Stavanger

Avdeling	Arkivkode	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
	320	Arkivsnr.: 03/00548		15.05.03
		L.nr: 004671/03		

Sakshandsamar: Leif Kapstad tlf.dir.: 57 83 90 20 E.post: leif.kapstad@helse-forde.no

**INTENSJONSAVTALE MELLOM HELSE FØRDE HF OG FLORA KOMMUNE,
BREMANGER KOMMUNE OG HELSE VEST RHF**

Styret i Helse Førde har handsama saka om pilotprosjekt for nærsjukehus/DMS i Florø i møte 14.05.03. Styret i Helse Førde legg utkast til intensjonsavtale om nærsjukehus/DMS-pilot i Florø til grunn for det vidare arbeidet.


Helse Førde tolkar intensjonsavtalen slik at den forpliktar partane til å utgreie eit pilotprosjekt og at intensjonsavtalen beskriv ei minimumsløysing. Intensjonsavtalen bind elles ikkje opp til økonomiske kostnader. Helse Førde og Helse Vest dekker utgiftene i samband med utgreiinga av pilotprosjektet.

Styret i Helse Førde skal gjere endeleg vedtak i saka "Ny strategi i Helse Førde" 28.05.03. Styret ynskjer ei tilbakemelding frå partane innan styremøtet.

Helse Førde ber dykk om ei tilbakemelding **innan 26.05.03**. Det er vedlagt 2 eksemplar av intensjonsavtalen som adm. direktør i Helse Førde har signert. Helse Førde ynskjer tilbakemelding frå partane og vonar at alle kan signere under dei føresetnadane som er skissert i dette brevet og i intensjonsavtalen. Kvar part sender ev. eit signert eksemplar attende til Helse Førde.

Takkar for godt samarbeid så langt og vonar at vi kan starte utgreiing av pilotprosjektet hausten 2003.

Med helsing



Leif Kapstad
adm. direktør

Vedlegg: 2 eksemplar av intensjonsavtale mellom Helse Førde HF og Flora kommune,
Bremanger kommune og Helse Vest RHF

Kopi: Styreleiar Per Ytrehus